

LO-topp Erna Hagensen er redd solidaritetstanken er i fer

Åtvarar mot hø

RAUDGRØN: Forbundsleiar Erna Hagensen ber dei raudgrøne partia halda saman og ta tilbake regjeringskontora om fire år.

I ein intervjuserie kastar Klassekampen lys over vegen framover for den norske venstresida og dei raudgrøne.

VEGVAL

Av Anne Kari Hinna
(tekst og foto)

– Eg trur me har mista litt av solidariteten i Noreg og eg trur det er noko av det som speglar seg i valresultatet.

Erna Hagensen er leiar for LO-forbundet Norsk Arbeidsmandsforbund, som organiserer mange av som står heilt nedst på arbeidsmarknaden.

LO-toppen åtvarar Arbeidarpartiet mot og leggja seg til høgre når dei no går i opposisjon. Ho meiner målet må vera ei ny raudgrøn regjering om fire år.

– Eg har tidlegare sagt at dersom Arbeidarpartiet blir store nok så kan dei styra aleine. Men eg trur me no må innsjå at vegen å gå er ei ny raudgrøn regjering, seier Hagensen.

Hagensen er fast representant i det viktige LO-sekretariatet. Ho høyrer ikkje til nokon av fløyene i Arbeidarpartiet, men kan plasserast i sentrum. Hagensen meiner Arbeidarpartiet må halda stå kurs.

– Eg vil åtvara Ap mot å gå til høgre, seier ho.

Tidlegare i denne serien tok SV-leiar Audun Lysbakken til orde for ein idédugnad på venstresida. Hagensen er ikkje heilt med på at venstresida har tapt idékampen, men seier likevel:

– Venstresida må setta seg ned og tenka framover, både partia og organisasjonane.

– Det er forskjellar

Hagensen meiner gjennomsnittsnordmannen er i ferd med å gløyma at det ikkje er alle som har det så bra.

– Me har nok blitt meir opptatt av oss sjølve enn av arbeidskompisen vår, og det pregar oss meir enn tidlegare. Viss berre eg får, så er det greit, seier ho.

– *Er folk flest og politikarar flest for langt ifrå dette arbeidslivet som er prega av sosial dumping?*

– Nokre gangar kan ein få inntrykk av det. Det er klart at du får eit heilt anna forhold til slike typar saker når du har kjent det på kroppen sjølv, seier ho.

– Alle kan jo ikkje vera anleggsarbeidarar eller reinholdarar og kjenna det på kroppen. Derfor er det så viktig at me har ei regjering som til ei kvar tid lyttar på arbeidstakarane. Når dei roper eit varsku om at noko er feil så bør dei lytta til det, seier Hagensen, som understrekar at for dei blir det no viktig å bidra til å skapa eit godt forhold til den nye regjeringa.

– *Er også folk på venstresida blitt for distansert til dei som er lågast nede på arbeidsmarknaden?*

– Eg veit ikkje om eg kan seia det så bombastisk, men viss me går til gamledagar, så hadde du ein overklasse, dei veldig fattige og ein middelklasse. No er gjennomsnittsnordmannen blitt mykje rikare. Det kan henda det er med på å gjera noko med tankesettet vårt, at me ikkje er like opptatt av solidaritet med dei som har det vanskelegare eller har mindre enn oss.

For det er ikkje alle som har vore med på lønnsfesten dei siste åra. Ifølge ei fersk undersøking presentert i Aftenposten tidlegare i veka er lønnsutviklinga i yrke med mange arbeidsinnvandrarar betydeleg dårlegare enn i resten av arbeidslivet. Anleggsbransjen og hotell- eller restaurantbransjen er blant tapara-



VIL SAMARBEIDA MED ERNA: Erna Hagensen i Norsk Arbeidsmandsforbund ønsker seg ei ny raudgrøn regjering at forholdet til den borgarlege regjeringa blir bra.

ne, her er det også mange arbeidsinnvandrarar.

– Framleis ein jobb å gjera

Erna Hagensen er nøgd med jobben som den raudgrøne regjeringa har gjort for å sikra

eit godt arbeidsliv.

– Eg håper denne regjeringa vidarefører det gode arbeidet som er påbegynt, for å kjempa mot sosial dumping og svart arbeid.

Samstundes er ho redd fa-

siten kan bli ei reversering på fleire område. Hagensen er særleg opptatt av den nye ordninga med regionale verneombod i reinhaldsbransjen.

– Det er ei ordning me har

ÅRSMØTE I FORENINGEN KLASSEKAMPENS VENNER

**Onsdag 30. oktober
kl. 18.00**

Sted: Klassekampen,
Grønland 4, Oslo

SAKSLISTE:

1. Konstituering
2. Beretning
3. Regnskap
4. Plan for neste periode
5. Innkomne forslag
 - Forslagsfrist 16. oktober
6. Valg

Stemmerett på årsmøtet har alle faste givere til Klassekampens Venner. Vel møtt!

Før møtet vil desksjef Katrine Ree Holmøy holde en innledning om avisas digitale framtid!

Styret

d med å bli fjernare for folk flest:

Øgresving

me veit at arbeidsmiljøet i reinhaldsbransjen er veldig dårleg, seier Hagensen.

Ifølge forbundsleiaren slit bransjen med eit høgt sjukefråvær og mange arbeidsgjevarar som ikkje tar HMS på alvor.

– Mange av reinhaldarane blir tidleg uføretrygda. Mange av desse bedriftene har ikkje eigne verneombod, eller så vel dei ikkje verneombod blant dei tilsette, men sørger for at ein med leiarfunksjon skal vera verneombod. Det meiner

«Me har nok blitt meir opptatt av oss sjølve enn av arbeidskompisen vår»

ERNA HAGENSEN, LEIAR FOR NORSK ARBEIDSMANDSFORBUND

me ikkje er ei heldig løysing. Me fryktar no at Høgre kanskje vil fjerna ordninga. Dei har signalisert det tidlegare, men modererte seg rett før valet. Det vil vera eit veldig, veldig langt tilbakesteg for reinhaldarar, seier Hagensen.

– *Men de har kjempa sidan 80-talet. Så også i Arbeiderpartiet har dette sete langt inne?*

– Ja, men endeleg fekk me det, og viss men no skal mista det så er det eit kjempe tilbakesteg.

Ho meiner det også er knytt spenning til om den nye borgarlege regjeringa vil endra skattefrådraget for fagforeiningskontingenten. Det vil råka mange lågtlønne.

– Det er veldig mange lågtlønne i dag som gamblar på å ikkje har forsikringar. Utan trekk for fagforeiningskontingenten vil det vera enda vanskelegare for dei å organisera seg, seier ho.

– Oppfølging og smekk

I arbeidet for å sikra eit seriøst og godt arbeidsliv tar Erna Hagensen til orde for ei ytterlegare styrking av Arbeidstilsynet. I tillegg må det få større konsekvensar for oppdragsgjevarane som ikkje spelar etter spelereglane.

– Denne raudgrøne regjeringa har styrka Arbeidstilsynet dei siste åra, men skal ein klara å følgja opp dei nye regelverka som er komne, så trur eg me må satsa enda meir på Arbeidstilsynet, seier ho.

– Og så må det har konsekvensar for oppdragsgjevarane, som i dag alt for lett slepp unna. Dei har hovudansvaret

for kven dei tar inn i samband med anboda. Eg synst dei slepp veldig billig unna.

– Meir audmjuke

Erna Hagensen meiner Arbeiderpartiet har lidd under alle medieoppslaga med skandalar i helsevesenet dei siste åra.

– Det er sikkert ikkje godt nok, verken i eldreomsorga eller sjukehusa, men me kan aldri få perfekte system og me klarer ikkje få fram dei gode døma, seier ho.

– Alt som ikkje fungerer, blir gjentatt og gjentatt og så får alle inntrykk av at Helse-Noreg er så dårleg. Eg har høyrte mange som seier at Arbeiderpartiet er så dårleg på helse. Ap klarer ingenting på helse – og så påverkar ein kvarandre slik.

Men, seier ho:

– At me har låg rente og høg sysselsetjing det trur mange at me har uansett kven som styrer.

– *Men kunne politikarane vore meir audmjuke når slike saker kjem, og sagt ja, dette er ikkje bra nok, no må me ta tak i det og retta opp i det?*

– Ja, det er viktig å ha politikarar som viser at dei er litt meir audmjuke. Men det er også viktig at dei gode døma slepp igjennom media, seier ho.

anneh@klassekampen.no



DEKORERT: Åtte veteraner fra Osvald-gruppen mottok medaljer fra forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen igår. F.v.: Lars Bottolfs, Norman Gullaksen, Karsten Hansen, Harry Sønsterød, August Rathke, Anne Marie Malmo, forsvarsminister Strøm-Erichsen, Signe Raassum og Arvid Abrahamsen.

FOTO: BERIT ROALD, NTB SCANPIX

Endelig hedret

OSVALD-GRUPPEN

Synlig bevegnet reiser åtte krigsveteraner fra Osvald-gruppen seg etter tur, håndhilser og takker forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen for anerkjennelsen.

Drøyt 68 år etter fredsvåren 1945 fikk fredag åtte medlemmer av motstandskjemperne i Olvald-gruppen oppleve å bli hedret av norske myndigheter for kampen de førte for Norges frihet i årene landet var okkupert av tyskerne.

Ti av gruppens medlemmer var invitert til seremonien i Statholdergaarden i Oslo, men skrøpelig helse hindret to av dem i å være til stede.

– Dere var sabotørene og soldatene i mørke som forble

i mørke. I dag beklager vi at mange av dere ble mistenkliggjort og underkjent, sa forsvarsministeren i sin taketale.

Deretter overrakte hun sølvfat til samtlige åtte og Deltakermedaljen samt diplom signert kong Harald til fem av dem.

Osvald-gruppen utførte ifølge statsråden ikke bare de fleste, men også de mest virkningsfulle, sabotasjeaksjoner i Norge under krigen.

Likevel vanket det ingen takk fra myndighetene etter krigen.

Gruppens kommunist-sympatier er hovedgrunnen til at det ble slik.

– Dere fikk ingenting. Dere som er betegnet som pionerene de andre i motstandskampen sto på skuldrene av, dere fikk ingen ære. Derfor er det også at «ingen dekorasjoner» går igjen i biografiene til så mange av dere, sa statsråden.

©NTB

FAKTA

Erna Hagensen:

■ Forbundsleiar i Norsk Arbeidsmandsforbund, som er LOs sjuande største forbund.

■ Er frå Lørenskog og har jobba som reinhaldar og bartender.

■ Har vore forbundsleiar frå 2003 og er vald til 2015.

■ Har vore forbundsleiar sidan

■ Forbundet organiserer blant anna reinhaldarar i privat sektor, maskin- og anleggsarbeidarar, vektarar,

■ Forbundet har i dag 33.000 medlemmer.

■ Norsk Arbeidsmandsforbund (NAF) blei stifta i 1895 av anleggsarbeidarar.

■ Tidlegare intervju i serien: Manifest-leiarane Magnus Marsdal og Ali Esbati, Per Olaf Lundteigen (Sp), SV-veteran Stein Ørnhoi, SV-leiar Audun Lysbakken, LO-topp Wegard Harsvik og samferdsleminister Marit Arnstad (Sp), Sp-strateg Steinar Næss og SV-veteran Hans Ebbing.

i 2017, i mellomtida vil ho arbeida for

kjempa for sidan tidleg på 1980-talet, seier ho.

Slik ordninga er blitt inneber ho at dei regionale verneomboda i reinhaldsbransjen er tilsett i Arbeidstilsynet.

– Ordninga er viktig fordi

Materialisten

Tidsskrift for forskning, fagkritikk og teoretisk debatt

3-2013 | 100 kr

NYTT
NUMMER

CECILIE HØIGÅRD: Egen og andres stemmer. *Leder* | **MERETE SANDVIG HOEL:** Å ha og leve med Aspergers syndrom | **JOHANNE BERGKVIST:** På sporet av de fattiges stemme i politiforhør i Christiania 1790–1802 | **ANNE MINKEN:** Rettsdokumenter som kilde til romanfolkets historie | **TOE DRUGLITRØ:** Kontroversen om forsøk på dyr i Norge på 1970-tallet | **KNUT KJELDSTADLI:** De fem viktigste bøkene

TEGN ABONNEMENT:

ABONNEMENT@MATERIALISTEN.NO

WWW.MATERIALISTEN.NO

SELGES HOS TRONSMO, AKADEMIKA SENTRUM OG NORLI UNIVERSITETSST. UTGITT MED STØTTE FRA NORSK KULTURRÅD OG NORGES FORSKNINGSRÅD